



Svein Inge Styve

Dato: 05.08.2016
Vår ref.: 2016/1922-45
Saksbehandlar: marvirk
Dykkar ref.:

Investeringsmidlar 2016 - Voss jordbrukskule

Viser til dykker søknad om investeringsmidlar til traktor, flishoggar og jaktsimulator. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Voss jordbrukskule får innvilga **kr 700 000,- inkl moms** til ny traktor under føresetnad om at traktoren kan leverast og betalast i 2016. Om dét ikkje er mogleg, må skulen melde dette tilbake så raskt som mogleg, slik at midlane kan omdisponerast til andre skular.

Anskaffinga skal gjerast i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar. På grunn av storleiken på beløpet, må anbodet leggjast ut på Doffin. Skulen må ta kontakt med Arnfinn Rekve for å få bistand til dette.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017. Alle rekningar må derfor betalast i 2016.

Birthe Andersen Haugen
seksjonsleiar

Marit Virkesdal
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Cathrine Øvredal Mellingen
Birthe Andersen Haugen
Arnfinn Rekve

